

MEMOAR

Medlemsbrev #1-2018

Årsmøte 17. februar:

Alt tyder på at 2018 vert det året då Memoar gjer seg ferdig med "gründerfasen" og vert ein varig og landsomfattande organisasjon av både frivillige og profesjonelle, forteljarar og samlarar.

Det formelle årsmøtet er planlagt som siste del av Memoarkonferansen 17., februar. Årsmeldingar og rekneskap vil bli publisert i god tid på nettsida Memoar.no. Det viktigaste punktet på sjølve dagen vert diskusjonen om leiar Bjørn Enes sitt foredrag ("*Trengst det eit norsk eller skandinavisk selskap for munnleg historie?*") - og valet av nytt styre.

Din tårn no?

Kan du tenkja deg ein av desse rollane i styret så ta kontakt:

- **Økonomiansvarleg**
- **Sekretær**
- **Fagutviklar /kursleiar**
- **Infrastrukturutviklar**

Kontakt post@memoar.no



Per 22. januar er det påmeldt 63 deltakarar på Memoarkonferansen. Dei kjem frå heile landet og frå mange av dei organisasjonar og institusjonar som det er naturleg å tenkja på når me snakkar om munnleg historie i Noreg. Om lag halvparten er profesjonelle (arkiv-, biblioteks- eller museumstilsette, forskarar, frilansarar o.l.) mange av dei er også inviterte til workshop dagen før for å diskutera felles strategi for digitalisering og arkivering av munnleg historie og kulturhistoriske samlingar.

Medlemmer i Memoar kan enno melda seg på - sjå nettsida www.memoarkonferansen.no

Vellukka møte på Voss



16. januar lanserte Memoar og Voss Sogelag den nye nettsida Voss.Memoar.no. Omlag 60 frammøtte fekk høyra Jostein Saakvitne frå Memoar og lokalhistorikaren David Gjøstein presentera 20 år gamle opptak av primærkjelder til den lokale krigshistoria. Memoar, Sogelaget og Biblioteket er i samtalar om å skipatil eit kurs og eit prøvestudio i biblioteket.

Blir du med til Finland?

Bjørn Enes skal halda foredrag om Memoar's metode for å samla, dokumentera og arkivera videointervju under

International Oral History Association sin konferanse i Finland 18-21 juni. Dette er eit strålende høve til fagleg påfyll og nye kontaktar. Les meir på <http://IOHA.org> - og skriv til post@memoar.no m du vil vera med!

Pågåande prosjekt:

Ved inngangen til 2018 er fylgjande prosjekt aktive:

Krafttak.Memoar.no

Utvikling av infrastruktur, kompetanse og organisasjon for munnleg historie i Hordaland. Støtta av fylkes-kommunen.

Krigsminne.Memoar.no:

Digitalisering og publisering av opptak frå 1990-talet. Støtta av SparebankenVest.

Bergen.Memoar.no: Innsamling av munnlege livshistorier i Studio 1 i Bergen Bibliotek. (Ingen støttar)

Sund.Memoar.no: Same kategori i samarbeid med Sund Folkeboksamling. (Inga støtte)

Sjøfart.Memoar.no:

Innsamling av munnleg sjøfartshistorie i samarbeid med Sjøfartsmuseet og Skipperforeningen. (Inga støtte)



På scooter til Italia i 1957:

Då Grethe Sangolt var 21 år gamal, spleisa ho og venninna Gunvor Håkonsen på ein scooter og la i veg: I løpet av nokre spennande månader var dei på ein ungdomsleir i Italia og ein i Frankrike. No har ho delt forteljinga om denne turen på <http://Bergen-Memoar.no>



Er du - eller vil du bli profesjonell?

Ein viktig lærdom frå dei fyrste åra med bygging av Memoar, er at det trengst ei kjerne av profesjonelle "oral historians" dersom det skal lukkast å skapa og vedlikehalda høg frivillig aktivitet. I norsk samanheng handlar dette om å etablera eit "nytt" yrke - innan offentleg og privat kulturvern, ABM-sektoren på på frilansmarknaden.

Me ynskjer kontakt med flest mogleg av dei som er eller vil utvikla seg til profesjonelle på dette feltet. Les siste artikkel i bloggen <http://Framdrift.Memoar.no> - og skriv til post@memoar.no viss det er interessant!

Nye kurs:

Me har planar om nye kurs ei rekke stader i landet i 2018. Ta kontakt om du er sogelag, bibliotek eller annan medarrangør - eller om du ynskjer å delta på eit kurs